

Sykkylven Rotary Klubb, Årsfest 5. februar 2016.

Odd Fellow-lokala, Straumgjerde.

Fram mot 70 gjester og medlemmer fylte festsalen då president Hallstein Lillevik i Sykkylven Rotary Klubb (SRK) opna jubileums-samlinga fredag 5. februar i Odd-Fellow-lokala i Straumgjerde. Assisterande distriktsguvernør John Stennes med følgje gjesta, og sameleis president Anniken Karlsen med følgje frå Ålesund Rotaryklubb. Etter som klubben vart etablert i 1956 med ÅRK som fadderklubb og dr. Morris Bendixen som aller første president, kunne klubben no markere og feire sine første 60 år. I høve 50-års feiringa for ti år sidan, vart det laga ei bok på nitti sider, og her finn ein mykje forvitneleg stoff frå dei første 50 åra. Sidan har nytt kome til, noko som Ove Straumsheim visste å dele med festlyden litt seinare. Etter hans fyldige innlegg tok president Lillevik ordet for å minnast to særskilte medlemmer i SRK. Elias Vinje og Arnold Weiberg-Aurdal var begge såkalla Charter-medlemmer, det vil seie at dei var med i klubben frå dag ein, den 22. juni 1956. Med få timars mellomrom døde dei to siste av SRK sine Charter-medlemmer; høvesvis 2. og 3. februar. Presidenten sine minneord vart følgt av at festlyden reiste seg og mintest dei to med eitt minutt stille.

Rikhaldig program

Programleiar Magnar Kvalvåg losa programmet vidare vel i hamn; trygt forankra i fakta, men også med ein drabeleg porsjon humor. Etter som første post var middag med forret og hovudrett med to serveringar, fekk kvar einskild ansvaret for å forsyne seg så det heldt, og ikkje gå frå bordet før dei fekk lov av programleiaren. Kaker og kaffi noko seinare vart mesta å rekne som ein kulinarisk salderingspost om det enno skulle vere att ein krok i magen som ikkje var fylt opp.

Nytt medlem og Paul Harris

Årsfesten er det rette forum til å ta opp nytt medlem i klubben. Denne gongen var det rektor Kristin Grebstad sin tur. Ho vart presentert av Petter Velle, medan Presidenten feste Rotary-nåla på kjolen og ønskte ho velkommen i Sykkylven Rotary Klubb. Det vanka blomar til ektemaken også. Å bli utnemnd til *Paul Harris Fellow* er ikkje noko kvardagsleg hending i ein rotaryklubb. PHF er ei ærefull påskjøning med namn etter Rotary sin grunnleggjar. Påskjøninga blir tildelt ein rotarianar eller ikkje rotarianar for ekstra-ordinær innsats for klubben, eller for samfunnsgagnleg innsats utover det vanlege. Vedkommande får eit sertifikat, ein medalje og ein jakkeknapp. Førstemann ut, Steinar Klokk, er ikkje medlem i Rotary, men likevel fullt kvalifisert for å bli æra som PHF. Han har vore speidarleiar samanhengande sidan 1984, i følgje president Lillevik. Då var det fem speidarar att i Sykkylven, og Steinar – saman med no avdøde Svein Tynes – bestemte seg for å ta grep for å rette på dette. Etter få år var medlemstalet kome opp i 80, og sidan har det halde seg mellom 80 og 100, slik at gruppa i dag er den største mellom Bergen og Trondheim. Assisterande guvernør i Distrikt 2305, John Stennes, føretok overrekkinga og gratulerte. Speidarleiaren takka med bl.a. med å streke under verdien av vennskap. Dette med å skape vennskap på tvers; innanfor bygda, på kretsplan, i Noreg og i utlandet. Han fortalde også om den internasjonale speidarleiren i fjor i England. Nestemann fram var SRK-medlem gjennom 24 år, Geir Brekke. Han vart av presidenten æra for initiativ, som tilretteleggar og pådrivar innan programskaping og fleire klubb-prosjekt; m.a. overføring frå gudstenestene i kyrkja til BUAS, Sykkylven sjukeheim, over nettet. Ein «grå eminense» som spinn trådar, dreg i dei, og får ting på plass! Såleis blir SRK ein god klubb for medlemmene og for samfunnet rundt som vi alle er ein

del av. Også Geir fekk gratulasjon og heidersbevis frå ADG Stennes si hand, og rette stor takk for dei gode orda og PHF-utmerkinga.

Helsingar

Før Stennes fekk gå frå mikrofonen, fekk han ordet til ei helsing – også ei skriftleg, vedlagt gåve, frå Distriktsguvernør Odd Jarle Hagen, Hamar. John Stennes er no inne i sitt siste halvår som ADG, etter tre år i denne tenesta. Han uttrykte glede over det gode arbeidet innan SRK og over samarbeidet mellom klubb og distrikt, før han avslutta – mest truleg – sitt siste offisielle besøk i Sykkylven Rotary Klubb. Ordførar Odd Jostein Drotninghaug fekk så ordet og bar fram helsing, gode ord og gåve frå Sykkylven kommune. Gåva er øyremerka til Prosjekt Filippinane, der SRK årvisst er inne med støtte. No var endeleg tida komen for president Anniken Karlsen. Ho representerte Ålesund Rotaryklubb, som i 1956 var – og framleis er – SRK sin fadderklubb. Ho uttrykte glede over og var stolt av å representere ein klubb med 54 medlemmer, medrekna 14 damer. Til å vere «demma-jente» kom ho svært godt ut av si sjølv-pålagde framføring på nynorsk av Jan-Magnus Bruheim (1914-1988) sitt dikt *Den ansame*. Poesi i retteleg Rotary-ånd! Siste strofa om den ansame (som har det så travelt, ref. merknad) lyder slik:

Slik jaga han gjennom livet
utan å få det fatt.
Ei glede sprang etter på vegen
men nådde han aldri att.

Dermed kunne programleiar Magnar runde av bordseta med humoristiske og sjølvsgagt sannferdige soger frå lokalmiljøet. Undervegs var det sunge, tala og ete; kort sagt ein pålitande resept på ein vellukka jubileumsfest. For den/ dei dansegilde blei det no høve til å slite litt ekstra på parketten, til smeikjande tonar frå Arve Opsahl sitt rikhaldige repertoar på keyboard. Underteikna referent gjekk frå festen til allsong med klingande tonar frå *Tänk att jag dansar med Andersson, lilla jag, lilla jag, med Fritiof Andersson!*

Olav Pileberg